

Ryggjavegen

nr. 3 - 84



Av innhaldet:

- Norsk vegplan 1986—89, 1990—93
- Pensjonisttur til Telemark
- Omkjøringsveg Kleppekrossen
- Grønn bølge gjennom Sandnes



Rygjavegen

Bedriftsorgan for Statens vegvesen i Rogaland.

Redaksjonens adresse:
Jernbanevn. 1, 4000 Stavanger.

Redaktør: Harald Sel.

Redaksjonsråd: Georg Eie, Torleif Haugvaldstad, Vigdis Onarheim, Ole Tamburstuen og Torleiv Tveit.

Opplag: 1500

INNHOOLD nr. 3 - 84

<i>Aktuell kommentar</i>	s. 2
<i>Aksjon Kjørelys</i>	s. 3
<i>Andakt</i>	s. 3
<i>Autosys ved alle biltilsyns-</i> <i>stasjonene</i>	s. 4
<i>Nytt AKAN-utvalg</i>	s. 4
<i>Vegcupen 84 til Rogaland</i>	s. 4
<i>Hol i Giljajuv-tunnelen</i>	s. 5
<i>Om kjøringsveg Kleppekrossen</i> .	s. 6
<i>Er vi uten engasjement?</i>	s. 7
<i>Ombygging av kantklyppar</i> <i>i Haugesund</i>	s. 8
<i>«Eksplorative varer» før og nå</i> .	s. 8
<i>Formannskifte i pensj. for.</i> <i>for Jæren</i>	s. 9
<i>Sysselsettingsmidler</i> <i>til fylkesvegane</i>	s. 9
<i>Norsk vegplan behandla</i> <i>i fylkestinget</i>	s. 10
<i>Ekstra midler til fylkesvegane</i> .	s. 11
<i>Pensjonisttur til Telemark</i>	s. 12
<i>Trafikktellingar i 1983</i>	s. 14
<i>«Grønn bølge»</i> <i>gjennom Sandnes</i>	s. 15
<i>Ansattes syn på bruken</i> <i>av velferdsmidler</i>	s. 16
<i>Effektiv ugrassprøyte</i>	s. 17
<i>Grindagut i Bråtveit</i>	s. 17
<i>Pensjonistsamkome i Sand</i> .	s. 18
<i>Kryssord</i>	s. 19
<i>Vegsjefen på Asfalt dagen</i>	s. 20
<i>Sorteringsveg på E 76</i> <i>i Haugesund</i>	s. 21
<i>Gjestekommentaren</i>	s. 22
<i>Utredningsrapport</i> <i>om gang- og sykkelvegar</i>	s. 22
<i>Også ros</i>	s. 23
<i>Tillitsmannens spalte</i>	s. 23

Forsidefoto:

Klart for siste sprenging i Giljatunnelen. Boregjengen har kjørt ut riggen for siste gong og basen sjøl, Eirik Lillehammer, er plassert i korga. Dei andre er frå venstre: Otto Lunde, Magne Våge og Magnus Weltzin.

Foto: Harald Sel.

Bidragene står for innsenderens egen regning og gir ikke nødvendigvis uttrykk for vegvesenets holdning.

Ettertrykk tillatt når kilde oppgis.

Sats og trykk: Allservice A/S

Layout: Harald Sel

Aktuell kommentar:

Norsk Vegplan 1986—89

Av vegsjef Chester Danielsen


I juni i år satte fylkestinget i Rogaland sluttstrek for den lokale politiske behandlingen av Norsk Vegplan for perioden 1986—89. Fylkestingets vedtak markerer avslutningen på et stort arbeid i vegadministrasjonen og en omfattende politisk prosess.

Arbeidet startet for over et år siden med en møteserie med alle kommunene i fylket. Siden har vi arbeidet kontinuerlig med utarbeidelse av dokumenter og med konsultasjoner med våre politiske overordnede organer, i første rekke fylkets samferdselsstyre.

Av dette er det etter hvert blitt en anseelig samling dokumenter, — med mange tabeller og mange detaljer som det er vanskelig for de fleste å ha full oversikt over.

Ser vi godt etter så vil vi i denne tjukke dokumentsamlingen kunne finne en del utviklingstendenser og generelle målsettinger for vår virksomhet i de nærmeste 6—8 årene. Jeg vil her kort og punktvis nevne en del av disse:

- * Bevilgningene til riksvedlikeholdet vil øke i takt med prisstigningene mens bevilgningene til anlegg fortsatt vil gå betydelig ned.
- * Praktisk talt alle riksveginvesteringer for 1990 vil bli brukt enten til å utbedre/legge om eksisterende veger og til å gjøre ferdig igangsatte anlegg.
- * Vi håper å få igangsatt Bokn-prosjektet i 1988 med delvis finansiering med bompenger.
- * Vi vil arbeide videre med spørsmålet om bompengefinansiering av enkelte større vegprosjekt.
- * Arbeidet med trafiksikring vil fortsatt ha høy prioritet. Hittil har bygging av gang- og sykkelveger hatt høy prioritet hos oss. Etter hvert vil vi koble vår innsats over på andre typer fysiske tiltak og også på ikke-fysiske tiltak for trafiksikring. Her vil biltilsynets arbeid bli av stadig større betydning.
- * Bevilgningene til utkantstrøk og til regionene Ryfylke og Dalane vil fortsette å gå nedover i forhold til i sentrale områder. Mens vi i 70-årene hadde den store anleggsdriften i indre Ryfylke, — med fullføring av Suldalsvegen som den største oppgaven, vil vi fortsatt i 80-årene finne de store anleggene rundt byene Haugesund, Stavanger og Sandnes.
- * Vi vil fortsatt drive en aktiv personalpolitikk både i utedriften og i administrasjonen. I utedriften vil vi i samarbeid med personalorganisasjonene arbeide mot en naturlig tilpassning mellom arbeidsstyrke og arbeidsoppgaver uten at vi går til oppsigelser. Vi vil tilstrebe å gi våre ansatte slike hjelpemidler og slike arbeidsforhold at de kan få et meningsfullt arbeid og kan drive effektivt. I samsvar med sentrale retningslinjer vil vi måtte redusere bemanningen i vegadministrasjonen. Vi vet enda ikke hvor stor denne reduksjonen vil bli eller hvor den skal tas.
- * Dersom fylkene ikke får et bedre økonomisk grunnlag enn de har idag, må vi regne med at praktisk talt all anleggsvirksomhet på fylkesvegsektoren vil stoppe helt opp og at vi får fortsatt reduserte vedlikeholdsbevilgninger. Det vil føre til et forfall på våre fylkesveger som vegvesenet som fagetat ikke uten videre bare kan sitte rolig og se på. Selv om vi må regne med en viss fortsatt nedgang i aktivitetene i årene fremover, så vil vi likevel stå overfor store og utfordrende oppgaver. Det er på mange måter en større utfordring å gjøre en god jobb i trange tider, enn i gode tider der problemene ofte kunne løses bare med å pøse på med mer penger og mer folk.



Redaksjonen avslutta 8. juni.

Stoff til neste nummer må leverast innan 10. september.

Redaktøren har ordet:

Aksjon kjørellys

Er mange rogalendingar stabukkar som reagerer likt barn i trassalderen på velmeinande råd og kampanjer av ymse slag? Reagerer mange negativt på at det blir laga ein storstilt kampanje for å få folk til å bruka kjørellys om dagen, og tenkjer som så at ingen treng å fortelja meg kva lys eg treng på bilen? Eg forbeheld meg retten til sjølv å finna ut når det er behov for å kjøra med lys eller ikkje.

Tankar om at det kan vera slik streifar ein, når ein les resultatene av dei landsomfattande kjørellys-tellingane. Tellinga i mai viste at 33 % av bilistane i fylket brukar kjørellys om dagen. Etter 2 tellingar (april og mai) ligg Rogaland på ein klar sisplass. Best i landet så langt er fylka Troms og Sør-Trøndelag. I dei to fylka brukar nesten dobbelt så mange bilistar kjørellys som det bilistane i Rogaland gjer.

Den informasjonskampanjen som er på gang, for å få minst 85 % av bilistane til å bruka kjørellys, omfattar mange tiltak. Av dei meir spesielle er reklame på drosjane i Stavanger.

Elles er det distribuert klebeplakatar til bruk i bakrutene på bussar, plakatar er distribuerte til oljeselskap, ferjer og trafikkskular. Dessutan prøver Info, både sentralt i Vegdirektoratet og lokalt ved vegkontoret, å halda saka «varm» ved å senda stoff og opplysningar til presse og NRK.

Argumenta for å bruka kjørellys skal me ikkje ta opp att her. Me lar det vera med å minna om granskingane som er gjort i Sverige når det gjeld samanheng mellom kjørellys og reduksjon i talet på trafikkuulykker. I Sverige har det vore obligatorisk bruk av kjørellys sidan 1977. Lysbruken i dagslys har i denne tida auka frå 50% til 95%. Før- og etterstudiar av trafikkuulykkene viser desse resultatene:

- * 21 % reduksjon i talet på samanstøyt mellom bilar og mopedar eller sykklar.
- * 17 % reduksjon av fotgjengar-påkjørslar.



- * 10 % reduksjon av kollisjonar mellom møtande kjøretøy.
- * 9 % reduksjon av kollisjonar mellom kryssande kjøretøy.
- * 2 % reduksjon av ulykker p.g.a. påkjøring bakfrå.

Som den etaten som står for Aksjon kjørellys, kviler det eit særleg ansvar på Statens vegvesen. Vegdirektoratet har difor bestemt at alle tenestebilane skal ha kjørellys under kjøring. Tilsette i vegvesenet bør gjera det same også privat. Det skader kanskje ikkje med velmeinande argumentering for kjørellys overfor folk «me møter på vår veg»,- enten nå vedkomande er ein stabukk eller ikkje.

ANDAKT

Kall på Herrens namn

Av O. B. Dyvik

I Rom. 10 11—13 les me:

«Ingen som trur på Han skal verta til skammar. For det er ingen skilnad på jøde og grekar. Alle har den same Herren og han er rik nok for alle som kallar på han. Kvar den som kallar på Herrens namn skal verta frelst».

Det er Paulus som skriv dette til den nyskipa kyrkjelyden i Rom. Han

vil med dette streka kraftig under at for Gud er alle like. Jødane, og av dei då serleg fariscarane og dei skriftlærde meinte seg å stå i ei særstilling hjå Gud og innbilte seg at dei hadde monopol på både Gud og Messias, frelsaren.

Det er om dette Paulus skriv i fyrstninga i dette kapitelet at dei kjende ikkje Guds rettferd, men streva etter å grunna si eiga rettferd og gav seg derfor ikkje inn under Guds rettferd. Me har eit tydeleg eksempel på dette i fortellinga om farisearen og tollmannen i templet Luk. 18 9—14.

Måtte Gud skåna oss for å koma i farisearen sin stilling. Han er ikkje rettferdig for Gud med alt han er og gjer. Det er ikkje Guds verk at me er synderar, det er satans verk, men at me ser det, det er Guds verk.


Jesus seier! «Eg er vegen sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg.» Joh. 14 6.

Paulus som skreiv brevet til Rom. visste nok kva han snakka om og han hadde nok fått prøvt dette på kropp og sjel, at kvar den som kallar på

Herrens namn skal verta frelst. I apostelgjerningane les me om Paulus då han var slått med blindhet og vart ført inn i Damaskus. Om Ananias som fekk bod om å gå til han. Og då Ananias bad seg fri fekk han dette som grunn «Nå ber han.» Paulus kalla på Herrens namn og vart frelst. Slik var det også med røveren på korset. Han ba om ein tanke og fekk eit himmelrike. Men det er ein ting me må hugsja, og det er at me ikkje må sleppa det forseint før me «Kallar på Herrens namn». Me hugsar fortellinga om den rike bonden Luk. 12—19. Han hadde vore så opptatt med å hausta, byggja og samla, og så hadde han gløymt å kalla på Herrens namn. Og så vart det for seint.

Og lat meg til slutt minna deg som les dette, kor du enn er, om du er på vegen eller utenfor vegen, og om du er opptatt med ei mengd av andre gjeremål.

Gløym ikkje, eller vert ikkje for sein med å kalla på Herrens namn, då skal du verta frelst.



Autosys ved alle biltilsynsstasjonene

Første trinn i en tretrins-utbygging er fullført

Av Georg Eie

Alle biltilsynsstasjonene i Rogaland har nå fått Autosys.

Fra før av var det bare stasjonen i Stavanger som hadde dette datasystemet.

Nå har både stasjonene i Egersund og Haugesund samt Sandnesavdelingen blitt utstyrt med terminaler og tilkoplede sentralen i Oslo.

Autosys er, kort fortalt, et EDB-basert informasjonssystem for kjøretøy og førerkortregister. Ved hjelp av dette kan biltilsynet, i løpet av få sekunder, hente fram en rekke opplysninger, som det før kunne ta til dels lang tid å finne fram til.

Utbyggingen av Autosys i biltilsynet er planlagt i 3 trinn.

- Trinn 1 omfatter etablering av database hvor opplysninger kan hentes fram på skjermterminalene.
- Trinn 2 omfatter videreutvikling av systemet, med ajourføring direkte fra skjermterminalene.
- Trinn 3 bygger videre på trinn 2,

med maskinell utskrivning ved stasjonene av bl.a. vognkort.

Trinn 1 er således nå fullført i Rogaland og ventes ferdig i resten av landet i løpet av neste år.

I følge en «Forprosjektrapport» av 20. januar 1984 utarbeidet av førstekonsulent R. E. Larsen ved Vegdirektoratet, er målet at trinn 2 og 3 skal være gjennomført i løpet av 1986 til 87.

Med et fullt utbygd Autosys-system vil biltilsynet være i stand til å yte publikum en raskere ekspedering og bedre service.

Det er derfor å håpe at den videre utbygging går som planlagt og at det ikke oppstår forsinkelser.



Milly Buch i arbeid ved den nye Autosys-terminalen ved biltilsynsstasjonen i Haugesund. Ved hjelp av dette systemet kan en på få sekunder få fram en rekke opplysninger på skjermen, som det før kunne ta langt tid å finne fram til.

(Foto: Torleiv Tveit)

Nytt AKAN-utvalg:

Hjelp og behandling ved rusmiddelmissbruk

Alkohol og narkotikamisbruk er et av de største og vanskeligste problemområder i dagens samfunn. Dette misbruk koster den enkelte og samfunnet store penger i form av fravær, skoft og skader. Følgelig er dette også et problem som berører Statens vegvesen.

Arbeidslivets parter — NAF og L.O — har tatt konsekvensen av dette og dannet AKAN (Arbeidslivets komite mot alkoholisme og narkomani) i 1963. AKAN har i dag innpass i mange bedrifter og etater.

AKAN deler sin virksomhet inn i følgende oppgaver:

- Gi informasjon for å øke kunnskapsnivået og derved endre holdninger i forholdet til rusmiddelmissbruk og til den enkelte misbruker.
- Føre fram hjelpetiltakene på et tidlig tidspunkt gjennom et engasjement på arbeidsplassen.
- Styrke samarbeidet mellom virksomheten, institusjon og fritidsmiljø for å oppnå best mulig behandlingsresultat, slik at den enkelte arbeidstaker kan fortsette i sitt arbeid.

Ved Statens vegvesen i Rogaland er følgende personer med i AKAN-utvalget for perioden 1984/85: Administrasjonssjef J. Lund med førstekonsulent S.M. Olsen som varamann, hovedverneombud J. Undset med hovedtillitsmann O.A. Tambursten som varamann, bedriftssykepleier T. Torstensen med bedriftslege A. Vistad som varamann og verneleder S. Næsheim med driftsjef A. Njå som varamann.

På konstituerende møte i mai ble verneleder S. Næsheim valgt til formann/sekretær for 1984.

Vegcupen 84 til Rogaland

Rogaland står i år som hovedarrangør av vegcupen. Det er nå 10 år sidan sluttspillet sist blei arrangert i fylket. Den gongen var bedriftsidrettslaget 10 år, så nå blir altså sluttspelarrangementet eit av høydepunkta i samband med 20-års jubileet. Datoen for turneringa blir laurdag 1.september.

Hol i Giljajuv-tunnelen

Dyktige tunnelarbeidarar vil få lite tunnelarbeid i åra frametter

Av Harald Sel

— Gratulerer, og mange takk for godt utført arbeid. Vegvesenet i Rogaland har dyktige tunnelarbeidarar. Me er mellom dei beste i landet når det gjeld tunneldrift.

Dette sa anleggsjef Halvor Folgerø i takketalen sin til arbeidarane under ei enkel tilstelling på Giljastølen, etter at det var slått hol i Giljajuv-tunnelen. Kort tid før hadde Folgerø sjølv tent lunta og utløyst den siste salven, som pulveriserte dei siste 3,5 meter av den 540 meter lange tunnelen. Tverrsnittet er 52 kvm.


Tunneldrifta i Giljajuvet starta 1. desember og arbeidet har gått svært greit unna. Fjellet har vist seg og vera bra (stort sett grå gneis) og tørt. Fire mann har vore i arbeid på kvart skift. I tillegg har 3 mann arbeidd med reinsking av fjelloverflata. Nemnast kan det og at det er brukt 35.000 kg. dynamitt, det vil seia 1.3 kg. pr. kubikkmeter.

Så langt er det gått med omlag 8.9 millionar til tunnelen. Restoverslaget for gjenstående arbeid med bolting, portaler og fullføring av vegbygget gjennom tunnelen er på ca. 1.5 mill.

Etter Giljajuv-tunnelen er det berre planlagt eit større tunnel-prosjekt i Rogaland i dei næraste åra, nemleg Byhaugtunnelen. Etter at den er sprengt ut, vil det kunne gå fleire år før det igjen blir tunneldrift i fylket, når arbeidet med Gyatunnelen på rv. 9 og Storhaugtunnelen skal utførast. På grunn av dette vil truleg den einaste tunnelriggen til vegvesenet i Rogaland bli utlånt til Nordland, etter at Byhaugtunnelen er utsprengt.



Her er tunnelarbeidarane (minus dei 4 i boregjengen) samla ved tunnelmunningen, etter at det er klart at også siste salva har gått som planlagt. Frå venstre: Daniel Byrkjedal, Inge Nyrkjedal, Fred Harald Gilja, Odd Hellenen, Georg Aasen, Viktor Kjær-vold, Lars Surdal og Toralf Birke-land. Foto: Harald Sel.



Anleggsjef Halvor Folgerø tennar lunta til siste salven midt inne i den 540 meter lange tunnelen. Eirik Litlehammer og Otto Lunde ser etter at lunta brenn, før alle svingar seg i bilen og køyrer ut før det smell. Foto: Harald Sel.



Omkjøringsveg Kleppekrossen:

Vest avlastar mest — men ikkje alle meiner det er best

Av Harald Sel

Miljø- og trafikksikringsmessige tilhøve ligg til grunn for planane om omkjøringsveg rundt Kleppekrossen. Aukande trafikk og manglande separering av motorisert trafikk og mjuke trafikantar er ei stor belastning for tettstaden og for dei som bur langs vegen.

Overordna mål for den hovudplanen, som er lagt fram, er:

- redusert ulykkesrisiko langs eksisterende rv. 44 gjennom Kleppekrossen
- eit betre lokalmiljø (reduksjon av støy m.v.)
- lettare framkomst for alle trafikantgrupper
- tilrettelegging for eit attraktivt nærings- og service-område

Omfattande planlegging

Planlegging av omkjøringsveg rundt Kleppekrossen har pågått i omlag 10 år, og fleire alternative trasear er vurderte. Til slutt er ein blitt ståande

med eit alternativ aust for eksisterende riksveg 44 og eit alternativ vest for riksvegen. Som ei førebels tilråding går vegsjefen inn for alternativ vest. Ein hovudgrunn for dette standpunkt-

tet er dei resultatane som granskingar av trafikkmønsteret i området viser.

Av desse kan ein slå fast:

- Ein omkjøringsveg etter alternativ vest vil avlasta eksisterende rv. 44 gjennom sentrum med 60—70% mot 40—60 prosent ved alternativ aust.
- Alternativ vest vil føra til halvering av trafikken på indre del av rv. 510 (Solavegen).

Verkandane for jordbruket

Ved begge dei aktuelle alternativa vil det gå med ca. 90 dekar dyrka mark. Ved alt. vest vil det i tillegg bli brukt 10 dekar kulturbeite. Det austre alternativet vil berøra 24 bruk og det vestre 23 bruk. Skildnaden syner seg først og fremst ved at 3 bruk vil få ekstra arbeids-teigar ved det austre alternativet, medan heile 10 bruk vil få denne ulempa dersom det bli bygt veg i vest.

Friluftslivet


Det austre alternativet vil ikkje ha fylgjer for friluftslivet, medan det vestre vil gå like ved Kleppelunden slik at det blir ein fylling ned mot dalsøkket. Traseen vil altså ikkje øydeleggja noko av friluftsområdet fysisk, med vegen vil føra til ulempe med støy i Kleppelunden.

Bygging etter 1990

Det vil ikkje bli disponible midlar til å byggja omkjøringsvegen før tidlegast i planperioden 1990—1993. I 1983-kroner vil det austre alternativet, som er 7 870 meter, kosta ca 42 mill. kr. Vestre alternativet, som er 7 420 meter, er kalkulert til ca 38 mill. 1983-kr.

Sjølv om det enno vil gå ein del år før vegen kan byggjast, er det viktig å få avklart traseen så snart som råd. Dermed kan vegen setjast opp på venteliste over nye prosjekt.

Elles er det viktig for grunneigarane i dei aktuelle områda å få ei avklaring. Fleire gardbrukarar har måtta utsetta aktuelle planar ved drifta medan dei ventar på at det blir vedtatt kor omkjøringsvegen skal byggjast.



Denne kartskissen viser dei 2 aktuelle alternativa — i aust og i vest — med stipla line.

MI MEINING

Omkjøringsveg Kleppekrossen:




Kristian Kleppe, grunneigar, alt. vest

Eg syns det ville vera enklare å byggja etter det austre alternativet. Ein veg ville gjera skade der au, men etter det eg skjønar kan vegvesenet få kjøpa ein gard ved turnhallen på Riskjell. Ved å bruka den i makebytte og som tilleggsjord ville mange problem vera løyste.



Per Melstokkå, Heradsagronom i Klepp


Folk frå landbruksetaten har delvis vore med og gått opp dei trasé-forslag som ligg føre, og me har prøvt å dempa skadeverknadane mest muleg. Men likevel er begge alternativa dårlege sett ut fra interessene til jordbruket. Det som dreg ned det austre alternativet er at ein veg vil øydeleggja to pelsdyrgardar i nord og skjera sunt eit småbruk i sør. Personleg hadde eg helst sett at ny avlastningsveg blei bygt som tunnel.



Arne Braut, grunneigar, alt. aust

Vegen må jo gå ein plass, og det er vanskeleg å seia kva alternativ som er det beste. Eg trur nok likevel at den vestre traséen er å foretrekka avdi den vil fanga opp den femtedelen av trafikken som går til og frå Sola. Det er viktig å få mest muleg av trafikken bort frå Kleppekrossen.

(Tekst og foto: Harald Sel)



Per R. Oftedal, formannskapsmedlem og gruppeleiar for AP

Det er ein fyldig og god plan vegvesenet legg fram, og etaten skal ha ros avdi det blir drive så god informasjon.

Ved val av alternativ meiner eg at det må leggjast stor vekt på at alt. vest gjev best avlastning for trafikken gjennom Kleppekrossen.



Solveig Krohn, grunneigar alt. vest

Eg syns det vestre alternativet er forferdelig avdi det vil skjera sundt gamle tradisjonsrike gardar. Eg er grunneigar for ein del av Kleppe-lunden, og eg meiner det er veldig synd om det kjem veg tett inn til den. Det er jo så at det vil bli gale for nokon, same kor ein legg vegen. Men det ville vore betre, trur eg, om traséen kunne kome lenger ut i markene, vest for Kleppelunden.



Brit Karlsen Ree, kulturstyremedlem i Klepp for Venstre

Eg er mest opptatt av miljømessige sider ved det vestre alternativet. Særlig ser eg det som viktig at ikkje Kleppelunden, som er eit ynda friområde og populær plass for ungene, skal få ein støyande veg tett ved. Det er også ille om bakkane ned frå Kleppevarden skal bli beskorne.

Pensjonistturen 1984:

Takk for hjelp og deltakelse

Samtlige turdeltakere retter en hjertelig takk til vegsjefene og deres medhjelpere i Rogaland og Telemark fylker for bistand i turopplegg og deltakelse i pensjonistforeningens pensjonisttur 1984.

Takket være dyktig sjåfør, utmerkede guider, hjertelig mottakelse og eventyrlige naturopplevelser, ble turen et minne deltakerne ikke glemmer.

Pensjonistforeningene benytter denne anledningen til å be såvel yrkesaktive som pensjonister merksomme på det trivselskapende arbeid som gjøres på velferdsområdet.

For vegvesenets pensjonistforeninger

Per Hole



Er vi uten engasjement?

Vi viser til skriv fra Personalseksjonen datert 26. april d.å. vedr. Psykososial arbeidsundersøkelse blant de ansatte.

Av de som pr. i dag er ansatt ved Øk (ekskl. permitterte) og Jur er det ingen som har deltatt i undersøkelsen.

I det vi viser til spørsmål 69 i kartleggingsreferatet, vil vi uttale at det må være alarmerende for etaten at hele 70 % av de ansatte har **følelsen** av ikke å ha noe igjen for å arbeide ekstra. Vi mener det er nokså opplagt at en slik «allmenn» følelse over lengre tid vil føre til lav produktivitet i etaten og utvilsomt også til mange medarbeidere uten engasjement.

For økonomiseksjonen
Reidar Mæland


For juridisk kontor
Thor Gjerde



Ombygging av kantklyppar i Haugesund

Tungt og tregt blir lettstyrt

Av Torleiv Tveit



Mekanikar Fridtjof Simonsen ved spaken i førarhuset på traktoren. Frå denne eine spaken blir elektriske signal sende ut. Disse signala styrer i sin tur hydraulikkventilen. (Foto: Torleiv Tveit).

Føre klyppesesongen 1984 vart det vedteke at Epoke kantklypparen som går i distrikt i Haugesund skulle endrast.

Frå den var ny var den utstyrt med vanlege hydraulikkventilar og kabeloverføring til fire spak i førarhuset på traktoren. Denne overføringa var alt for treg, og tung, noko som resulterte i stor slitasje på dei som skulle sitja i maskinen heile dagen.

Som ein kan sjå på bileta, har klypparen nå fått montert ein Danfoss ventil med proporsjonal elektrisk styring. Dette vil sei at vi frå ein spak i førarhytta styrer ut eit elektrisk signal som varierer med spakutslaget. Dette signalet styrer i sin tur hydraulikkventilen.


Med dette får vi ein lettstyrt kantklyppar og har berre ein tynn elektrisk kabel frå førarhytta til hydraulikkventilen.

«Eksplorative varer» før og nå

For 200 år sidan hadde ein eksplorative varer som var atskilleg meir følsomme for ytre påvirkning enn dei med brukar i dag. Dessutan var innstillinga til dei ganske annleis. Stundom var det også knytta ein god del overtru og mystisisme til sprengstoffet. Høyr berre kva «Erindring af den 3die Post at Instruktionen for Forsiktighed ved al Krudtbehandling» seier. Instruksen er datert 1776.

«Eenhver, som er ved Arbeide i eller udenfor Krudt-Taarnerne, bør forrette sin Gierning med saadan ærbødig Stilhed, som det sømmer sig paa et Sted, hvor den allerhøieste Gud ikke selv i Naade holder sin Haand over arbeidet» den mindste Uforsigtighed ikke alene kan forvolde alle Tilstedeværende, Livs Forlis, men endog saavel dette Sted, som de Omliggende, i et Øieblik kan forvandles til en steenhob, formaner derfor at iagtage al mueligste Varsonhed og Forsigtighed ved Krudtets Behandling, nøie efterlevende alt hva til den Hensigt befales og erindres. Forbyrd tillige alle og enhver på det skarpeste og alvorligste, hva enten De ere ved Krudtets Behandling eller Transport enten Af Fortredelighed inden Arbeidet og endnu langt mindre af Letsindighed, at lade udgaae af Deres Mund nogen Eder og Bander, eller nogen lettsindig eller liderlig Snak, hvormed den Allehøiestes Navn bliver vanæret og fortørnet, da saadanne som deri befindes at have været overhørig og forbrudt sig, uden nogen Overbærenhed eller Undskyldning strax skal afgaae fra sit Arbeide, og overleveres til Skildtvagten til Forvaring intil Arbeidet ere forbi, hvornært De i Arrest hensættes for efter Rettens Kiendelse at lide Dom for sin Forbyrdelse.

Henta frå «Byggeindustrien», nr. 14/1983)



Danfoss-ventilen som er montert på klypparen, er «nerven» i systemet.

(Foto: Torleiv Tveit).



Ein del av årsmøteforsamlinga. Øverst ved bordet, den avgående formannen Karsten Torkildsen.

Foto: Harald Sel

Formannskifte i pensjonistforeninga for Jæren

Av Harald Sel

Arne Rød blei valt til ny formann i Statens Vegvesens pensjonistforening for Jærområdet under årsmøtet, som blei halde på Hotel Alstor den 9. april. Han avløyste Karsten Torkildsen, som fekk velfortent takk for arbeidet han har lagt ned som formann. G. M. Sømme og Lars Svihus nekta også gjenval til styret. Nye styremedlemmer blei G. Salte og B. Tonhaugen. Dei andre styremedlemmene er Målfrid Crosby og Erling Sikveland.

Som vanleg starta årsmøtet med ei programavdeling. Denne gongen var det Kjell Hegdalstrand som sto for hovudinnslaget. Hegdalstrand har

drive ei omfattande innsamling av minnestoff knytta til vegarbeidsdrift. Mellom anna har man mangfoldige timars opptak på kasset med intervju

av gamle vegarbeidarar. Frå desse opptaka presenterte Hegdalstrand korte glimt, mest om slit og kår som kan virka umenneskelege i dag — men også om gleder.

Programmet baud elles på musikk ved Ernst Rud og orientering ved formannen i Pensjonistforeningen i Statens vegvesen i Rogaland, Per Hole. I ein pause blei det servert framifrå god mat frå eit rikholdig lunsjbord.

Stortingsrepr. Arnold Weiberg-Aurdal:

Sysselsettingsmidlar til opprustning av fylkesvegane

Stortingsmann Arnold Weiberg-Aurdal, som er medlem av samferdselskomiteen, har i eit foredrag i Kristiansand slått til lyd for at større ressursar bør setjast inn for å auka sysselsettinga innan vegsektoren. Han drog særleg fram det sekundære vegnettet, det vil seia mindre riksvegar, fylkes- og kommunale vegar.

Han viste til at vegsjefar rundt om i landet har slått alarm når et gjeld utviklinga av fylkesvegnettet. På grunn av sviktande løyvingar er stan-

darden på store delar av dette vegnettet blitt så dårleg at eit samanbrot er nær forestående.

Weiberg-Aurdal meinte at investeringar til det sekundære vegnettet i første rekkje måtte ha fylgjande siktemål:

1. Forsterking av bruer til 10 tonns akseltrykk.
2. Forsterking av vegkroppen på dei strekningane som bryt saman.
3. Grøfting av vegar for å styrke bereevna og redusere restriksjons-

perioden i telelæysinga.

4. Rydding av skog langs vegane for å auke trafikksikkerheten og gi ei raskare opptørking av vegene.

Dette er alle oppgåver som har relativt liten mekaniseringsgrad og derfor har stor sysselsetjingseffekt. For bygdene vil dette vere tiltak som gir arbeid for anleggs- og skogsarbeidarar, lastebileigarar og dei mindre entreprenørverksemdar. Dette vil også vere arbeid som vil vere ledd i rekrutteringa av yngre arbeidskraft til anleggs- og skogsarbeid i kommunane. Det fine med vegarbeid er at det sikrar sysselsetjing både i den tida arbeidet pågår og for dei næringar og personar som i framtida dreg nytte av vegene, sa Weiberg-Aurdal mellom annan.

Norsk vegplan 1986—89, 1990—93 ferdigbehandla i fylket:

Fylkestinget beklager sterkt nedgangen i investeringsrammene

Av Tormod Nag

Vegsjefen sitt forslag til Norsk Vegplan (NVP) for 1986—89 og 1990—93 har nå fått sin politiske behandling i fylket.

Nå sist var det fylkestinget som behandla planen i møte 5. og 6. juni.

Arbeidet med NVP tok til omlag 1 1/2 år sidan.

Etterkvart som arbeidet har gått fram har vegsjefen i fleire møte orientert samferdselsstyret om saka, og fått signal tilbake.

I januar d.å. la vegsjefen fram eit førebels forslag til investeringsprogram. (Artikkel om dette står i Rygjavegen nr. 1/84).

Dette vart sendt ut til høyring i kommunar, statlege etater og til ulike organisasjonar.

Etter denne høyringsrunden la så vegsjefen fram sitt endelege forslag i møte som samferdselsstyret hadde i midten av april.

Seinare vart NVP behandla i fylkesutvalet før den nå fekk sin sluttbehandling i fylkestinget.

Under den politiske behandlinga av vegplanen er det gjort få endringar i høve til vegsjefen si innstilling til samferdselsstyret som i alt er på 13 punkt.

Til fylkesutvalet la fylkesrådmannen fram ei innstilling som stort sett var lik vegsjefen si innstilling til samferdselsstyret.

Investeringsforslaget

Fylkestinget vedtok ei endring i høve til innstillinga.

I vegsjefen si innstilling var det sett av 15. mill. kroner til utbetring og omlegging av rv. 9 ved Gyavatnet.

Dette var ikke fylkespolitikarane samde i. Det vart derfor vedteke at desse midlane skal førast over til rv. 44 gjennom Egersund.


Den strekningsvise fordelinga av investeringar 1986—89 går fram av tabellen.

Framtidige og større prosjekt

Nordstøldalsvegen

Det vart ein del diskusjon om dette er eit vegprosjekt som framleis er aktuelt.

Ein representant i fylkestinget kalte dette «dei gamle menn sitt prosjekt». Fylkestinget vedtok likevel med stort fleirtal å be vegsjefane i Hordaland og Rogaland å drøfta finansierings- og framdriftsplan med Hauge-sund E-verk som har kraftutbyggingsplanar i området.



Fylkestinget gjekk imot vegsjefen sitt framlegg om å setta av 15 mill. til ny tunnel forbi den rasfarlege strekninga på rv. 9 ved Gyavatnet, og gjekk inn for å føra over desse midlane til ny rv. 44 gjennom Egersund. Biletet markerer inngangen på den prosjekterte tunnelen, som blir på ca. 500 meter når han evt. blir bygt ein gong. Inngangen i andre enden av fjellet blir nedanfor bratthenget.

Foto: Harald Sel.

Rv. nr.	Strekning	1983-priser mill. kr
E-18	Vest-Agder gr.—Stvgr.	11,0
E-18	Osli—Hinna	74,0
E-76	Hordaland gr.—Haugesund	33,5
13	Sandnes—Lauvvik	5,0
13	Bergekrossen—Ropeid	19,0
13	Ropeid—Hordaland gr.	10,0
14	Stvgr.—Randaberg f.k.	29,0
14	Skudeneshavn—Hordal. gr.	16,5
14	Bokn f.k.—Aksdal	5,0
44	Vest-Agder gr.—Stvgr.	29,0
45	Vest-Agder gr.—Vaullekrossen	11,0
46	Knapphus—Ropeid	2,0
46	Sand—Hordaland gr.	14,0
504	Varhaug—Bue	9,0
505	Varhaug—Ganddal	1,5
506	Bryne—Ålgård	5,0
509	Sandnes—Stavanger	1,5
510	Klepp—Hinna	3,5
511	Skudeneshavn—Kopervik	10,0
512	Aksdal—Sláttevik	1,5
515	Grinde—Nedstrand	7,0
520	Saudasjøen—Hordaland gr.	1,0
	Til disposisjon	4,2
	Tiltak for kollektivtrafikken	1,0
	Spesielle trafikksikkerhets- og miljøtiltak (ufordelt)	1,0
	Støy	2,0
	Refusjoner	37,8
		345,0

Bompengetilskot

Det var dette punktet som skapte talerlistene når fylkestinget behandla vegplanen.

Av dei pårekna bompengeinntektene på ialt 100 mill. kroner, var det i innstillinga rekna med 20 mill. kroner til rv. 14 og rv. 115 på Karmøy.

I samråd med Karmøy kommune hadde vegsjefen teke med midlar også til rv. 511, då han såg det vanskeleg å nytta 20. mill. kroner berre på rv. 14 utan å starta opp den kostbare omlegginga ved Akra.

Mange fylkespolitikarar var redde for at dette kan skape vanskar i det vidare arbeidet med Stortingsproposisjonen om løyve til forlenga bompengeinnkreving i Skudeneshavnsambandet.

For å få til eit mest mogleg samrøystes positivt vedtak til bompengeinnkreving sette fylkestinget ned ein redaksjonskomité med ein representant frå kvart parti.

Redaksjonskomiteen sitt forslag til endra pkt. 7.2. og nytt pkt. 7.3. (sjå vedtaket) vart vedteke av fylkestinget.

Rv. 13 Ryfylkevegen

I innstillinga til fylkestinget er veg til Ropeid-halvøya prioritert før Oanes—Botne.

Under fylkestinget sin behandling vart det sett fram eit forslag om å prøva å skaffa ekstra midlar slik at desse prosjekta kan stå meir likt.

Dette forslaget vart sendt over til samferdselsstyret for nærare vurdering.

Fylkestinget sitt vedtak:

1. Fylkestinget beklager sterkt den fortsatte nedgangen i investeringsrammene for periodene 1986—89 og 1990—93. Både i utkant-strok og de sentrale deler av fylket har store uløste og høyt prioriterte vegprosjekt. Et minkende tempo gjør det umulig å få bygd ut et tilfredsstillende riksvegnett i fylket innen rimelig tid.

Dette går ut over både fremkomst og trafikksikring, noe som fylkestinget er svært urolig for. Fylkestinget mener også at Rogaland sin del av den totale planleggingsrammen for perioden 1986—89 er for

Forts. side 17

Vegdirektoratet foreslår 19 mill.

Ekstra midlar til fylkesvegane

Av Tormod Nøg

Får Rogaland 19 mill. kroner i ekstra statstilskot til fylkesvegane i perioden 1986—89?

Dette skal Stortinget ta stilling til når saka om Norsk vegplan vert behandla i vårsesjonen 1985.

Statstilskotet er delt i to program.

Forsterking av fylkesvegar.
Store fylkesvegprosjekt.

Vegdirektoratet har i si innstilling gjort framlegg om at Rogaland får:

12 mill. kroner til forsterking av fylkesvegar.

7 mill. kroner til Helgøy ferjekai med veg og bru til N. Talgje.

Statstilskotet skal dekkja maksimum 50 % av anleggsutgiftene. Restekostnadene må fylket og kommunane dekkja.

Av retningslinjene for statstilskotet går det vidare fram at føremålet med forsterkings-programmet er i første rekkje å redusera næringslivet sine transportkostnader.

Programmet skal berre omfatta kostnader med forsterking slik at vegen kan godkjennast for 10 tonn akseltrykk. Eventuell utviding av vegbanen må gjerast for ordinære midlar.

Når det gjeld programmet for store fylkesvegprosjekt var det mulig å prioritera alle typer kostnadskrevjande prosjekt. (over 10 mill. kr.)

Spesielt vart det nemnt prosjekt som vil gi veg eller ferjesamband til veglause strok.

Prosjekt i Rogaland

I søknaden frå Rogaland vart det søkt om midlar til forsterking av i alt 34 strekningar og bruer. Tilsaman kostnadsrekna til 41,6 mill. kroner.

Innan programmet for store fylkesvegprosjekt vart det teke med 5 aktuelle prosjekt. Desse vart prioritert slik:

1. Brusamband Sokn - Askje (fullføring) ca. 13 mill.
2. Helgøy ferjekai med veg og bru til N. Talgje 13 - 15 mill
3. Bru Sokn - V. Åmøy 30 - 40 mill
4. Veganlegget Landsnes - Bog ca. 20 mill.
5. Sambindingsveg på Ombo m/ferjekai 13 - 15 mill.

I tillegg til dei 5 nye prosjekta vart det også teke med 3 prosjekt som vart rekna som rassikring.

- Fv 281 Frafjordvegen
Fv 117 Ørdsdalsvegen
Fv 3 Langs Rusdalsvatnet

Vegdirektoratet sitt forslag

Vegdirektoratet har nå sendt ut mel-

ding om deira forslag til fordeling av midlane.


Til forsterking av fylkesvegar i Rogaland foreslår Vegdirektoratet at det vert gitt eit statstilskot på 12 mill. kroner.

Når det gjeld store fylkesvegprosjekt foreslår Vegdirektoratet at prosjektet Helgøy ferjekai med veg og bru til N. Talgje skal få eit statstilskot på 7 mill. kroner.

Dette betyr at Rogaland kan få tilført 19 mill. kroner som ekstra midlar i perioden 1986 - 89.

I ei tid då løyvingane til vegføremål ofta vert redusert, er dette oppmuntrande.

Forts. side 23



OVERSIKT

1. Helgøy ferjekai med bru/veg
2. Sokn-Askje
3. Sokn-Åmøy
4. Landsnes-Bog
5. Sambindingsveg Ombo m/ferjekai

Fem prosjekt i Ryfylke er prioritert på topp i samband med evt. ekstraordinære midlar frå Staten til fylkesvegane i perioden 1986 - 89. På kartet er dei plotta inn i prioritert rekkefølge. Vegdirektoratet foreslår ei tildeling på 7 mill. til Helgøy ferjekai med bru/veg, og 12 mill. til andre prosjekt.

Sommardagar i Telemark

Fotorepotasje: Harald Sel


«Å kunne eg fara til Telemark og leva ei sumarstund, der veks det ryllik på støvetak og segner på folkemunn».

Slik skreiv Per Sivle for snaut 100 år sidan, men Telemark er ikkje mindre verdt ei reise i dag. Det kan vissleg dei snaut 50 vegpensjonistane i Rogaland skriva under på etter 4 dagar i fylket. Rett nok fekk ein oppleva eit retteleg drygt regnskyll, men elles var veret bortimot så godt og stabilt som det plar vera. Oppleving av variert og storslagren natur mangla det heller ikkje på. Og så kulturen då —, det blei rett nok berre små glytt å oppleva av den, men dette vesle var til gjengjeld av beste merke.

Me lar bileta gje nokre få glimt frå 4 hendingsmetta døgn i dette grannefylket vårt. Ja, for alle veit vel at Suldal kommune grensar til Vinje kommune i Telemark.



Pensjonistflokkjen saman med vegsjef Danielsen og reiseleiar Marit Garborg fotografert utanfor eit av husa på Porsgrunn bymuseum.



Kanalbåten «Victoria» på veg opp Løveid sluser. Kanalen er over 100 år gamal, og er frå ende til annan eit imponerande byggverk.



Første dagen blei mellom anna nytta til ein rundtur i Grenland. Etter ein kort stans ved dei petrokjemiske anlegga på Rafnes, gjekk turen om Brevik til Porsgrunn. Her var det omvisning på porselensfabrikken, og på biletet ser med Anders Kaltveit i prat med ei av «porselensjentene». I Porsgrunn nytta også mange høvet til å handla på fabrikkutsalet til porselensfabrikken, før turen gjekk tilbake til Skien og Høyers Hotel.



Den eine kvelden i Skien var avsett til felles arrangement med Telemark vegvesen. Her møtte både den gamle vegsjefen, Sigurd Glærum, (t.h.) og den nye vegsjefen, Søren Gunnar Thorsdal, som fekk treffa mange kjenningar frå tida si ved vegvesenet i Rogaland. Også Kari Thorsdal (biletet til høgre) fekk friska opp att Rogaland-minne i lag med glade pensjonistar. Elles var det ei stor glede at fylkesrådmann i Telemark, tidlegare statsråd; Olav Haukvik gjorde ære på Rogalandspensjonistane ved å vera til stades på tilstellinga.





Turen på Skien-Bandak/Skien-Norsjø-kanalen var eit høgdepunkt på turen. Denne dagen var også 70 penjonistar frå Telemark saman med rogalendingane på båtturen til Ulefoss og vidare til Lifjell Turisthotell i Bø, der det var felles lunsj.

Til høgre er ein del av flokken benka på dekket av Victoria, rett før avreise frå Skien.

Ovanfor blir forseringa av slusene i Løveid studert frå rekka av mellom andre Ragnar Byrkja (fremst).



Den eldste deltakaren på turen var Lars Olsen frå Torvastad. Men kven skulle vel tru at han er 82 år.



Siste dagen gjekk med stor hast gjennom Vinje kommune og over Hauke-li inn i Rogaland. Men om ein også kunne ha bruka mange dagar for å oppleve det Vinje har å by på, fekk ein servert ein rik porsjon opplevingar på 2 timar også. Det kan ordførar Aslak Versto og den kjende kvedaren Ellen Boyer Nordstoga i fyrste rekkje takkast for. Versto var med i bussen frå Skinnarbu til Vinjesvingen. På biletet ser me han orientera utanfor Vinjestoga (fødestaden til A. O. Vinje). Inne i Vinjestoga fortalde og kvad Ellen Boyer Nordstoga — ei stor oppleving!



Veret hadde vore litt disig på siste delen av turen på kanalen, men under opphaldet på Ulefoss skein sola opp. Med redaktør Arne Johan Gjermundsen som vegvisar fekk ein mellom anna oppleve kyrkjeruinane på Holla. Ein idyllisk stad med fin utsikt. Resten av dagen baud også på rike opplevingar. Forfatteren Halvor J. Sandsdalen var med i bussen frå Lifjell turisthotell til Seljord. Han las fleire av sine framifrå gode dikt og fortalde levande om sjøormen i Seljordsvatnet. Gjennom Hjartdal kommune var forfatter, journalist og smed Halvor Sisjord med i bussen. Også dette var midt i blinken. Det blei ein lang dag, med dryge mil vidare gjennom Gransherad, Tinn og Rjukan, før bussen stansa ved Skinnarbu høgjellshotell.

4,6% trafikkøkning på landsbasis i 1983

Rogaland godt over landsgjennomsnittet?

Av Kristoffer Mortensen

På bakgrunn av de 51 faste tellepunkt (niva 1, = telling 365 dager i året), som er fordelt på landsbasis, utarbeides det årlig prosent-tall for variasjoner i trafikkmengden.

I nedenstående tabell har Rogaland bidratt med 2 slike punkter, disse er Kvasheim, rv. 44, og Auglendshøyden E-18. Fra i år etableres et tredje helkontinuerlig tellepunkt ved Goggen, rv. 509. Med dette tredje punktet vil en få enda bedre referansekurver både til bruk på landsbasis og for omregning til årsdøgntrafikk etter lokale ukestillinger. En vil med andre ord få sikrere og bedre trafikk-tall generelt jo flere faste tellepunkt som etableres.

Trafikkmengde, gjennomsnittskning landsbasis:

- 1977—78 = 2,4%
- 1978—79 = 1,6%
- 1979—80 = 1,1%
- 1980—81 = 0,8%
- 1981—82 = 4,7%
- 1982—83 = 4,6%

På bakgrunn av trafikkmengden målt v/Auglendshøyden har en mistanke om at utviklingen for Rogaland må ligge spesielt høyt, og adskil- lig over landsgjennomsnittet. En arbeider nå med å fremskaffe flere data som kan bekrefte dette i konkrete tall.

Til slutt vil en sette opp en tabell for trafikkmengden i Rogaland, uttrykt i Δ DT for de tellinger vi utførte i 1983.



Ett av de faste tellepunktene er plassert ved inngangen til tunnelen gjennom Auglendshøyden på E 18. I skuret til venstre er trafikkelleinstrumentene plassert. Ved hjelp av dette utstyret blir alle kjøretøy som passerer registrerte.

Foto: Kristoffer Mortensen

TRAFIKKTELLINGAR RIKS- OG FYLKESVEGAR 1983.

Tellersted	Dato	Vegnr.	Veke dogn- trafik	Antatt årsdøgn trafik	Kommune
Helleland, arm mot Tonstad	29/9	Rv. 9	850	800	Eigersund
Hogstadkr. arm mot Sandnes	27/5	Rv. 13	4400	4300	Sandnes
Hogstadkrysset, arm mot Høle	27/5	Rv. 13	700	700	Sandnes
Kryss E-18/Rv. 13, arm mot Høle	23/8	Rv. 13	11500	10500	Sandnes
Havnegaten v/rundkjøringen	13/9	Rv. 13	12100	11400	Sandnes
Hanaveien v/rundkjøringen	13/9	Rv. 13	16900	16000	Sandnes
Haugesund, v/sykehuset, nordgående	31/5	Rv. 14	9000	9000	Hauges.
Haugesund, v/sykehuset, sørgå.	31/5	Rv. 14	9400	9400	Hauges.
